

# Styremøte 01/11 2021

## Straumesvingen Vel

Tid: 01.11.2021, kl 20-22

Stad: Straumesvingen 10A

Fylgjande var til stede:

Ane Birgitte Nødtvedt (styremedlem-leiar)

Algøt Kristoffer Peterson (styremedlem-kasserar)

Joachim Hvoslef Krüger (styremedlem)

Helge Berntsen (styremedlem)

Madelen Eide (vararepresentant)

### **1. Møteplan for resten av året**

2. desember kl 19, Søreide Kyrkje: Årsmøte.

Mini-dugnad i november/desember på nedre leikeplass for å få satt opp huskestativ og oppgrading på øvre leikeplass (gjerde og klatrestativ).

### **2. Kontingent 2021**

Status: 1 stk som fortsett ikkje har betalt kontingent for 2021 i månadskiftet oktober/november og det var enighet om å sende til inkasso.

### **3. Regnskap**

Status på dei ulike postane på budsjettet. Det er 259 650,- i driftsinntekter. Driftkostnader er på 145 772,- NOK der størstedelen har gått til oppgradering av leikeplassar 89 694,-. Her er det brukt litt over budsjett for å få ferdigstilt ein større del av leikeplassane når grunnarbeidet er gjort og det er god driv. Vidare driftskostnader har gått med til skadedyrsbekjempelse 15875,- Vann og Avløp: 5629,- og andre driftkostnader 2734,- NOK. Totalt eit overskot på 149 239,- NOK. Sjå elles årsmelding og budsjett neste år for videre planer (<http://www.straumesvingenvel.no>).

### **4. Opprusting av leikeplasser:**

Øvre leikeplass: Materiale til gjenståande arbeid er kjøpt inn og ferdigstilling av gjerde og klatrestativ er planlagt når tid og vær tillater på mini-dugnad enten i år eller i starten på neste år.

Nedre Leikeplass: Huskestativ i vedlikeholdsfritt aluminium med fuglerede er kjøpt inn og blitt levert. Grunnarbeid er utført og montering og støping er planlagt når været tillater på mini-dugnad dette året eller starten på neste.

### **5. Skadedyr status**

Status på skadedyrkontroll frå leverandør Pelias: siste servicerapport syner at seks av femten kontrollpunkt har blitt småspist av gnagar og nye åte har blitt lagt ut ved behov. Det er størst aktivitet i nedre del av Straumesvingen som ligg nærmest sjøen. Neste sjekk er planlagt i Januar månad. Anbefalingar frå Pelias er generelle førebyggjande råd mot skadedyr: ha det ryddig inne og ute, Klipp gras/busker på eigendomar for å hindre skjuleplasser, unngå lagring inntil vegg/grunnmur, kontroller for moglege hol i luftventiler på ringmur (sjekk at lufteventiler har netting), sjekk at muse band mellom ringmur og kledning er tett, avgrens fuglemating om hausten etc. Sidan det er eit problem med gnagere i deler av området vil styret oppfordre om å unngå matkompostering i hagen dersom skadedyr kan komme til avfallet.

#### **6. Vann og avløp**

Foreslått å ta opp på årsmøte er å opprette ein vass komité som leia av styret der ein har med personar med erfaring/bakgrunn på VA for råd og diskusjonar. Styret ønsker å få diskutert om den vedtatte strategien frå 2016 skal behaldast eller om ein skal sjå på ein alternativ strategi med å spare opp til buffer som står tilgjengeleg om ledningane ryker ein stad. Vi ber personer ta kontakt med styret om ein ønskjer å sitte i ein slik komite og elles oppfordrar vi medlemmer som kjenner til svakheiter i vasssystemet om å melde ifrå til styret.

#### **7. AOB**

Det har komt inn spørsmål om det er ein felles farge for maling av postkassestativ. Styret meiner dette er ein god ide der ein kan sjekke nærmare og samstundes vurdere ei generell oppgradering av postkassestativa og mogeleg også postkasser opp mot kostnader knytta til det.

Det blir lagt ut forespørsel eller nye folk i styret på velforeningen si facebook side og forhåpenligvis får ein rekruttert nye medlemmar..